



---

## Informasjonsnotat/orientering

---

**Frå:**

Jan Erik Boge

### Orientering om tilsegn om tilskot til utbygging av breiband i Samnanger

**Saknr/Journalnr**

19/385/19/9765//JEB

**Arkivkode**

FE-233, FA-L64

**Dato:**

28.11.2019

---

Samnanger kommune søkte både i søknadsrunden 2018 og 2019 om tilskot til breibandsutbygging. Det er Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM) og fylkeskommunen som gir tilskot.

I søknadsrunden i 2019 vart det søkt om tilskot til breibandsutbygging i følgjande område i Samnanger:

- Hisdal – Trengereidfjord (søknadssum kr. 600.000).
- Ytre-Tysse – Barmen – Gaupholm – Øpstebø – Utskot (søknadssum kr. 1 050 000).
- Kleppe – Kvernes – Skar – Litangen – Li (søknadssum kr. 650 000).

Kommunen fekk 06.11.2019 melding frå Hordaland fylkeskommune om at det er gitt tilsegn på kr. 900 000 i tilskot til breibandsutbygging i Samnanger. Det må no i samarbeid med fylkeskommunen avklarast kva prosjekt det skal søkjast om tilskot til. Fylkeskommunen vil etter nyttår gjennomføra felles konkurranseutlysing for alle breibandsprosjekta i fylket som det er gitt tilsegn om tilskot til.